



## **SAKLISTE ÅRSMØTE SUNNFJORD AP 2019**

**4. februar 2020 kl. 1800 Rødekorsbygget, Førde**

- Sak 1** Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 2** Val av ordstyrar, skrivar og to til å skrive under referatet
- Sak 3** Årsmelding - styret
- Sak 4** Årsmelding – kommunestyregruppene
- Sak 5** Rekneskap 2019
- Sak 6** Budsjett 2020
- Sak 7** Innleiing til debatt v/Marte Mjøs Persen  
Pause, loddsal og trekning
- Sak 8** Årshjul
- Sak 9** Innmeldte saker
  - Førdepakken
- Sak 10** Forslag resolusjonar
- Sak 11** Val



## Sak 3

# Årsmelding

## Sunnfjord Arbeidarparti 2019

Det vart halde årsmøte for Sunnfjord Arbeidarparti i Førde 30.01.2019. Partisekretær Kjersti Stenseng hadde innleiing til debatt.

Hovudbodskap: Sterkare fellesskap, positiv framtidstru.

Det vart vedteke 7 fråsegner: om landbruk, rassikring riksveg 5, kortbanenettet, fylkesveg 609 Hundsåna, eldreomsorg, opprusting av E39, bruk av avgangsmassar frå gruveindustrien.

Desse vala vart gjorde:

### Styre

Leiar:	Helge Robert Midtbø, Førde
Nestleiar:	Siv Karin Hestad, Jølster
Kasserar:	Arild Horsevik, Gular
Sekretær:	Laila Oppedal, Gular
Studieleiar:	Marcus Hornnes, AUF
Kvinnekontakt:	Kari Daltveit, Førde
Styremedlemmer:	Håkon Myrvang, Naustdal Annlaug Birkeland, Naustdal Arve Dvergsdal, Jølster

### Varamedlemmer:

1. Jonny Indrekvam Gustavsen, Naustdal
2. Gunn Laila Årnes, Jølster
3. Silje Skaar Sunde, Førde
4. Kristian B. Steinset, Gular

AUF sin personlege varamedlem: Henrik Solheim

### Revisor:

Hjørdis Hagen, Førde
Arne Sandnes, Jølster
Randi Aamot Osland, Naustdal
Trond Arild Austgulen, Gular

### Vara:

## **Utsendingar til fylkesårsmøte i Bergen**

15 delegatar på avviklingsmøte, 1- 7 på stiftingsmøtet. 7 av delegatane reiser på stiftingsmøtet.

### **Til avviklingsmøte:**

1. Ivar Svensøy
2. Siv Karin Hestad
3. Marcus Hornnes
4. Sara- Marie Horsevik
5. Håkon Myrvang
6. Ida Søgnen
7. Sindre Hornnes
8. Annlaug Birkeland
9. Arild Horsevik
10. Laila Oppedal
11. Reidar Fugle Nordhaug
12. Kari Daltveit
13. Arve Dvergsdal
14. Silje Gravdal Vallestad
15. Kristian B. Steinseth

Varapersonar, delt i grupper for kvinner og for menn

Sigve Mandelid	Kari Valle
Ivar Svensøy	Nathalie Rønnestad
Odd Gunnar Røyseth	Gunn Laila Årnes
Henrik Solheim	Silje Skaar Sunde
Jonny Indrekvam	Amalie Birkeli
Ottar Magne Fugle	Anne Gunn Fimland Dvergsdal
Ole Martin Vold Sæbø	Ragnhild Sæle
Stig Tveit	Kari Viken
Sveinung Søreide	Liv Horvei
Pål Befring	Hjørdis Hagen
Bjarte Kapstad	

Til Stiftingsmøte

1. Helge Robert Midtbø
2. Siv Karin Hestad
3. Marcus Hornnes
4. Sara- Marie Horsevik
5. Håkon Myrvang
6. Ida Søgnen
7. Sindre Hornnes

Vara

1. Annlaug Birkeland
2. Arild Horsevik
3. Laila Oppedal
4. Reidar Fugle Nordhaug
5. Kari Daltveit
6. Arve Dvergsdal
7. Silje Gravdal Vallestad
8. Kristian B. Steinseth

Varapersonar, delt i grupper for kvinner og for menn

Sigve Mandelid Ivar Svensøy Odd Gunnar Røyseth Henrik Solheim Jonny Indrekvam Ottar Magne Fugle Ole Martin Vold Sæbø Stig Tveit Sveinung Søreide Pål Befring Bjarte Kapstad	Kari Valle Nathalie Rønnestad Gunn Laila Årnes Silje Skaar Sunde Amalie Birkeli Anne Gunn Fimland Dvergsdal Ragnhild Sæle Kari Viken Liv Horvei Hjørdis Hagen
---	--

## Valnemd:

Johan Kåre Kjerstad, Førde – leiar  
 Anita Eide Kvamme, Gular  
 På Befring, Jølster  
 Anne Gunn Fimland Dvergsdal, Naustdal

Det er avholdt 8 styremøte i perioden.

Styret har jobba med å samle dei fire tidlegare laga til eit lag mht. register, økonomi, eigedelar mm.

Det har vert arrangert fleire medlemsmøte:

- To møter i samband med behandlinga av fusjonssaka mellom BKK og Sunnfjord Energi. Kvar av dei fire kommunestyregruppene stod fritt til å lande på eige standpunkt i denne saka.
- Eit møte om eldrepolitikk.
- Evaluering av valet og valkampen.

Elles har arbeidet i styret dette året vert prega av valkamp. Utarbeiding av program, valmateriell, møter med veljarane, husbesøk, bedriftsbesøk, aktivitet på sosiale media, lesarinnlegg, podcast, videoar og deltaking i ulike debattar. Våre kandidatar deltok på i alt fem paneldebattar.

Styret var delvis nøgde med valresultatet, vi heva oss i frå første partimåling på under 22% til eit endeleg resultat på 25,2%. Arbeidarpartiet fekk inn 11 representantar i kommunestyret og tre representantar i Formannskapet. Som venta var det stor variasjon i resultata i dei ulike krinsane, vi gjorde det klart best i Førde med over 32% av stemmene.

Vi var i posisjon til å få ordførarvervet, men kom ikkje i mål.

Arbeidarpartiet fekk inn følgjande representantar i kommunestyret:

- Helge Robert Midtbø (Gruppeleiar)
- Håkon Myrvang
- Sara-Marie Horsevik
- Siv Karin Hestad

- Sigve Mandelid
- Ove Farsund
- Kari Valle
- Ivar Svensøy
- Reidar Fugle Nordhaug
- Sindre Hornes
- Kari Daltveit

Kommunestyregruppa har god spreiing i alder, tre av våre kandidatar er under 24 år og den eldste har runda 70 år. Gruppa har representantar frå alle dei fire samanslåtte kommunane, dog med ein klar overvekt frå gamle Førde kommune.



Følgjande representerer Arbeidarpartiet i Formannskapet:

- Helge Robert Midtbø
- Siv Karin Hestad
- Håkon Myrvang

Sara-Marie Horsevik er leiar av utval for Helse og omsorg.

Kari Daltveit er leiar av kontrollutvalet.

Alle kommunestyre representantane er valt inn i ulike utval og dei fleste vararepresentantane til kommunestyret er og vara i dei ulike utvala.

Arbeidet i styret har fungert godt også dette året og leiar vil takka kvar og ein for godt samarbeid!

Førde 15. januar 2020

Helge Robert Midtbø  
Leiar

## **Medlemsmøte:**

Det har vore 5 medlemsmøte. Tema: Fusjon Sunnfjord Energi og BKK, Bru over Jølstra, tiltak nr. 1 i Førdepakken, fjorddeponi, eldrepolitikk, ulike modellar for samarbeid etter valet, valresultatet, forhandlingar og konstituering.



## Evaluering av valkampen

På styremøte 15. oktober utarbeidde styret denne evalueringa av valkampen:

Dette var bra	Dette kan bli betre:
Honnør til AUF for topp innsats. Det var gode filmar Vi kunne godt ha begynt før, hatt planane klare før sommarferien. Må halde på praksis å dele ut roser Flott opplegg på facebook  Aktive i Firda, men mest Førdesaker.  Gode debattar	Meir synlege ute i krinsane Politikarar frå heile kommunen må vere synlege i lag, kandidatane må bli betre kjende i kommunen. Blanda meir politikarar i ulike deler av kommunen. Reise ut på arbeidsplassane <u>før</u> valkampen, der ting skjer. Folk set pris på å bli sett. Opp mot sentralt: få fleire fram enn Jonas. Sentralt må dei lytte meir til distrikta. Både sentralt og lokalt: Lytte meir til følelsane til folk, la dei dvele ved følelsane, vere med å finne løysingar. Vi må mobilisere fleire neste gong. Ha aktiv verving. Sentraliseringspolitikken overskygga alt. Vi må få meir truverde i distriktpolitikken. Det var for lite materiell tilgjengeleg. Postkasseaksjon må komme tidlegare i gang. Må få inn fleire saker i media som ikkje er reine Førdesaker. Burde korta programmet inn før/ tidlegare i prosessen. Sentralt: Mykje vart styrt av andre parti – Må utarbeide ein miljøpolitikk som er godt forankra i Arbeidarpartiet. Miljøpolitikk som tek vare på arbeidsplassane.
Godt og heilskapeleg program	

Viksdalen 15.01.2020

Laila Oppedal  
sekretær

## **Sak 4 Årsmelding – kommunestyregruppene**

### **Bystyregruppa i Førde AP - 2019**

Bystyregruppa har hatt eit travelt år med mange tunge og viktige saker til behandling. Sidan oktober har det vert politiske møte både i Førde kommune og Sunnfjord kommune. Vi har eit godt samarbeidsklima og vi har mange dyktige og engasjerte politikarar som er godt budde til møta. Som gruppeleiar prøver eg å fordele saksansvar slik at alle som ønskjer det får jobbe fram saker og argumentere i bystyret, formannskapet, planutvalet og i komitéane. Gruppa samarbeider godt med dei andre partia i Førde og vi har hatt fleire fellesframlegg på kryss av politiske fraksjonar.

#### **Bystyregruppa har bestått av følgjande personar:**

Helge Robert Midtbø, Kari Valle, Ivar Svensøy, Reidar Fugle Nordhaug, Lena Haveland, Einar Solheim, Sveinung Søreide, Kari Daltveit og Jarle Øen. Fleire av varamedlemmane har møtt i Bystyret.

**Formannskapet/Finans:** Helge Robert Midtbø, Ivar Svensøy og Kari Valle.

**Planutvalet:** Ivar Svensøy, Kari Valle og Reidar Fugle Nordhaug.

**Samfunn og utviklingskomiteen:** Sveinung Søreide, Lena Haveland og Reidar Fugle Nordhaug

**Levekårskomiteen:** Einar Solheim, er leiar av komitéen og Jarle Øen er medlem.

**Kontrollutvalet:** Kari Daltveit, Leiar.

**Administrasjonsutvalet:** Ivar Svensøy

**Klageutvalet:** Geir Leon Hetle og Silje Skaar Sunde

**Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne:** Knut A. Johansen og Thor Erlend Mehammer

**Eldrerådet:** Lidvin Magnus Osland

**Fellesnemnda:** Ivar Svensøy og Kari Valle.

#### **Arbeidsform i gruppa:**

Vi har gruppemøte kvar tysdag med start kl. 18.00. På desse møta går vi gjennom alle saker som skal opp til politisk handsaming i løpet av veka. Ei slik arbeidsform gir mulighet for at alle i gruppa får påverke saker tidleg i prosessen og ein er betre budd når sakene kjem til bystyret. Gruppa legg ned mykje arbeid for at sakene skal få ei så god handsaming som mogeleg. Desse møta er opne for alle medlemmane og vi synes det er stas når det kjem medlemmar innom. I tillegg brukar vi møta til å invitere gjester som ønsker å belyse ei sak frå sin ståstad.

#### **Saker som det har vert jobba med i 2018:**

Saka knytt til fusjon mellom Sunnfjord Energi AS og BKK AS var ei krevjande sak som partiet valte å bruke mykje tid og krefter på. I prosessen vart det arrangert fleire medlemsmøte og konklusjonen til gruppa fekk tilslutning i medlemsmøtet.

#### **Økonomiplan/budsjettarbeid.**

Økonomiplanen vert handsama politisk i juni kvart år og er styrande for korleis vi skal prioritere inn imot budsjettarbeidet. I og med kommunesamslåing og det at Førde kommune ikkje skulle legge fram eige budsjett for 2020 vart arbeidet med økonomiplanen noko begrensa i høve tidligare år.

Førde AP meiner at det er behov for å få etablert fleire institusjonsplassar. Vi har forsøkt å forsera planen som administrasjonen har lagt, slik at vi kjem i gang med etablering av fleire omsorgsbustader

og utviding av Helsetunet tidlegare enn det som ligg i Rådmannen sitt planverk. Så langt har vi ikkje fått gjennomslag for dette.

**Førdepakken** har vore krevjande å handtere med stor merksemd i media og eit stort engasjement blant folk i Førde til dei ulike trasèvala. Nokre av tiltaka er ferdigstilt og nokre er under utføring.

Bru over Jølstra mellom Førdehuset og Hafstadparken er fortsatt ikkje landa. Vi ønskjer ei løysing som skårar Førdehuset og arealet i kring. Arbeidarpartiet fekk ikkje gjennomslag for ei slik løysing når saka var oppe i bystyre i februar 2019. Når vi kom inn i valkampen så var det fleire parti som snudde og signaliserte at dei ville jobbe for ei løysing i tråd med det AP gjekk for.

For å avlaste trafikken i Fjellveien og skape rom for å utvikle Sentrum Sør på ein god måte foreslo AP å få utreda tunnel mellom rundkøyringa ved Thon Førde hotell og Hafstad, dette fekk vi ikkje fleirtal for. Vi har foreslått denne løysinga fleire gonger gjennom året, men vi står aleine.

#### **Andre saker:**

- Kjøp av aksjar i Ankerløkken Eigedom AS
- Busetting av flyktningar i 2019
- Finansiering av Nærleiken Barnehage
- Brebandsutbygging
- Nytt symjebasseng inn i Økonomiplanen
- Områderegulering Indre Øyrane.
- Detaljregulering Førde Sentralsjukehus
- Campus Førde Verftet.
- Freds- og demokratimonument
- Kjøp av omsorgsbustader i Langebruvegen.
- Detaljregulering Elvekanten.
- Klimaplan for Sunnfjord.
- Strategisk næringsplan for Sunnfjord.
- Allmennsoge for Førde.
- Finansiering av FV 57 – Bompengar.
- Kulturminneplan for Førde kommune.
- Plan for uteområdet ved Førde barneskule.
- Nynorskhuset.
- Avvikling av KRYSS Revisjon.
- Gamlebanken – framtidig modell.
- Årsbudsjett.

#### **Det er totalt behandla 285 saker i 2018:**

**Bystyre: 70 saker**

**Formannskapet/Finans: 66 saker**

**Planutval: 50 saker**

**Eldrerådet: 17 saker**

**Kontrollutval: 31 saker**

**Samfunn- og utviklingskomité: 12 saker**

**Levekårskomite: 13 saker**

**Klageutvalet: 16 saker**

**Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne: 10 saker**

I tillegg til møter og saker knytt til Førde kommune har vi i 2019 hatt fleire møte i fellesnemnda for Sunnfjord kommune. For Kari Valle og Ivar Svensøy, som er våre representantar i fellesnemnda, har det vore eit svært hektisk år med mange møtedagar. Det står respekt av den jobben dei har lagt ned i politisk arbeid det siste året, takk skal dykk ha!

Eg vil òg nytte høvet til å takke alle aktive politikarar som brukar mykje fritid på å jobbe med politiske saker for Arbeidarpartiet. Takk òg til alle andre støttespelarar som kjem med innspel og tilbakemeldingar, anten dei er positive eller negative, det er med på å styrke Arbeidarpartilaget!

Førde 20. januar 2020

Helge Robert Midtbø  
Gruppeleiar Førde AP

## Kommunestyregruppa i Gaular 2019

Vi har tre faste medlemmar i kommunestyret i Gaular: Anita Eide Kvamme, Arild Horsevik og Laila Oppedal

Verv i tillegg:

Anita Eide Kvamme: varaordførar og medlem i formannskap og nestleiar i fellesnemnda

Arild Horsevik: medlem i utval for nærig og teknisk, styreleiar i Gaular Bustadstifting

Laila Oppedal: leiar for helse- og omsorg, medlem i rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Sara-Marie Horsevik: nestleiar i utval for helse- og omsorg og vara i rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Kristian Steinseth: medlem i utval for oppvekst og kultur

Dag Kjetil Storøy: medlem i kontrollutvalet

Nok eit hektisk og spennande år for kommunestyrerrepresentantane i Gaular AP. I tillegg til å sitte i kommunestyret har ein dette året vore med på mykje møteverksemid i forhold til bygging av ny kommune. I snitt har det vore ca 4 møte i månaden. I tillegg kjem gruppemøta som ein ofte har i forkant av kommunestyra.

Det har vore 6 Kommunestyremøte, 12 Formannskapsmøte, andre utval ca 8, Fellesnemda 9, Symbol og identitet 9.

I forkant av Kommunestyra og Fellesnemnda har det som oftast vore gruppemøte. I tillegg har kommunestyregruppa møtt ein time før Kommunestyre og Fellesnemnda, for ein siste gjennomgang av saker. I førekant av formannskap, der viktige saker har vore oppe, er gruppeleiar i kontakt med dei to andre i kommunestyregruppa for ein gjennomgang.

Vi har og i 2019 arbeidd mykje med å få nok budsjettmidlar til drift av kommunen og då spesielt helse- og sosial og skule. Vi har vore ein pådrivar i forhold til ny skule på Sande. Rapporten som vart utarbeidd, etter påtrykk av Gaular AP, syntet det vi har kjent til i mange år. Skulen er forfallen. I tillegg var der ein del alvorlege mankoar på alle skulane som vart ordna opp i 2019.

Vi opplever at vi har lukkast delvis med styrking av eldreomsorga, der heimetenesta har fått ein ressurs til på kveld og ergoterapeut er tilsett i 100%. Ein har enno ikkje fått på plass auka bemanningsfaktor ved sjukeheimen. Noko ein håpar på vil vere eit fokus vidare i Sunnfjord AP.

Gruppa har i tillegg vore representerte i arbeidet med den nye reforma «Leve heile livet» der vi har hatt fokus på å skape eit aldersvennleg samfunn og aktivitet som fremmar helse og trivsel.

Ei anna sak som vi i fleire år har kjempa for er trådlaust nett på Gaular bygde- og sjukeheim og vi kunne endeleg konstatere at det vart eit faktum i desember 2019.

Aggregatet som har vore på dagsorden i mange år, var endeleg klart til å leggast ut på anbod, men vart diverre stoppa i siste liten.

Sentrumsutvikling, asfaltering og gatelys som vi arbeidde med i 2018 er i 2019 gjennomført.

Det har vore viktig for Gaular Ap å få endane til å møtast og ikkje investere uehemma det siste året føre ny kommune skal realiserast. Gaular AP har vore opptatt av ein økonomisk politikk der inntekter og utgifter skal gå i balanse. Tenestene skal vere gode og ha føreseielege råmer. Investeringane skal vere tilpassa ei kvar tid gjeldande økonomi i kommunen.

Lykke til vidare Sunnfjord AP

Anita Eide Kvamme

Gruppeleiar i Gaular

## Kommunestyregruppa i Jølster 2019

«Ja so gjekk dei inn i da fjore [4] og da var da siste dei gjore.»

No er da eit faktum, Jølster er ikkje lenger eigen kommune, men samanslått og dannar i dag Sunnfjord Kommune. Arbeidet framover må leggast i å få dette til å bli so bra som muleg og at vi er i stand til å få utvikling, busetnad og arbeidsplassar i heile kommunen.

Kommunereforma har sterkt prega det politiske arbeidet i Jølster kommune i 2019. Tal saker til behandling i formannskapet og kommunestyre har vore redusert, og fleire møte har vore avlyste. Sjølv om det har vore redusert arbeid mengde lokalt har tida gått til reformarbeidet.

Sluttføring av opprustinga av skulane har da vore jobba godt med, reguleringsplan i område Kjøsnes og Kjøsnes bru i samband med den nye tunellen i Kjøsnes fjorden og bruk av tunellmassen. Arbeid med reguleringsplan Smehogen bustadfelt på Vassenden har og hatt fokus.

Fusjon mellom BKK og Sunnfjord energi vart og ei stor og viktig sak som måtte takast stilling til, det vart fusjon. So får vi håpe for framtida at dette vart ei rett avgjersle.

Uvær og stor flaum på ettersommaren sette sitt preg på Jølster og ga oss store utfordringar som fortsatt pregar oss.

Hallane i Jølster er begynt å reise seg, håpet er at desse investeringane er med på å styrka og skape framtidige aktivitetar for alle i Sunnfjord kommune.

Vi har gjennomført 5 gruppemøte i år. Desse har vert med i gruppa og Kommunestyre i Jølster:

Arve Dvergsdal: Gruppeleiar, Formannskapet, Kommunestyre og styret i Sunnfjord Arbeidarparti  
Ragnhild Sæle: UPU (utval plan og utvikling)

Ottar Magne Fugle: OKH (oppvekst, kultur og helse)

Pål Befring: nestleiar i Kontrollutvalet

Siv Hestad: Vara

Eli Nesje Nedrebø: Vara

Gruppeleiar

Arve Dvergsdal

# Kommunestyregruppa i Naustdal AP 2019

Medlemer i gruppa:

Annlaug Birkeland, gruppeleiar  
Håkon Myrvang  
Odd Gunnar Røyseth  
Inge Svorstøl  
Randi Aamot Osland  
Bertel Meek  
Bjørn Hundershagen  
Inger Helen Savland Røyseth  
Fredrik Myrvang  
Anne Gunn Fimland

Kommunestyregruppa har hatt 10 gruppemøte.

At tida for ny kommune nærma seg har vist seg tydeleg i året 2019, saker til behandling har vore minimal, vi har vore oppfordra av administrasjon om å holde tilbake nye prosjekt og idear, grunngjeve med stort arbeidspress i samband med tilrettelegging av ny kommune. Difor har kommunestyregruppa delteke i mindre utvalsmøte og kun fått orientering om drifta frå kvar seksjon. Tida og ressursane til å drive politikk og utvikling/produksjon i kommunen har også dette året vore satt tilbake pga. arbeid med å etablere ny kommune.

Kommunestyregruppa har difor ikkje kome opp med nye prosjekt men freista å halde fokus på framdrifta av viktige prosjekt.

## **Naustdal sjukeheim**

Oppstart sansehage, parkeringsplass og dagsenter ved Naustdal sjukeheim er ikkje starta opp slik det låg inne i økonomi- og handlingsplan for 2019, framdriftsplan er ikkje følgd. Dette har ap-gruppa påpeika fleire gonger og vore pådrivar for å få sett i gong. Frå 2019 er det eit krav at alle kommunar skal ha dagsenter. No er vi ein kommune men vi må likevel vere klare på at dagsenter og sansehage skal og må ligge også i dei gamle kommunesentra både mtp. reise og bruk av senteret, dette har Naustdal Ap vore tydelege på.

## **Frisksenter**

Dette er ei sak kommunestyregruppa har jobba mykje med i mange år. Frisksenteret er eit helsehus med lege/helsesenter, helsesøster/jordmor, fysioterapi, psykiatri, base for heimetenestene, apotek mm og omsorgsbustader.

Lokala til helse er i dag spreidd rundt i ulike lokale i sentrum. I tillegg til plassmangel er dei organisatoriske tilhøva og lokala utgått på dato, så det er svært viktig for innbyggjarar, tilsette og brukarar at dette vert prioritert og realisert raskt. Dette vil også vere med å gjøre Naustdal til ein meir attraktiv stad å busetje seg, nærliek til moderne og gode helsetenester er ein avgjerande faktor. Det er som venta, ein aukande etterspurnad etter omsorgsbustader og sjukeheimspllassar, mange av desse utfordringane vert løyst med frisksenteret.

Framdriftsplanen er å halde fram planlegging i år, sidan frisksenteret ligg inne i noverande økonomi- og handlingsplan i tillegg til programmet til Sunnfjord Ap og intensjonsavtalen. Alt skulle soleis ligge til rette for oppstart i løpet av inneværande år.

## **Engebø**

Næringsutvikling, folkevekst og oppretting av nye arbeidsplassar er det som har lagt til grunn for engasjementet rundt Engebøprosjektet. Vi har fylgt prosjektet frå starten av og har vore ein pådrivar for dette viktige prosjektet og ser no fram til oppstart. Vi oppfordrar sterkt Sunnfjord Ap å omtale prosjektet positivt og skape optimisme, involvere sentrale politikarar i næringslivet og høgskule/forskning og arbeide for full utnytting av ressursane.

## **Arbeid med trygg skuleveg**

Kommunestyregruppa har vore oppteken av trafikktryggleiken i sentrum og ved nye Naustdal skule. Det er ei stor utfordring i samband med start- og skuleslutt når foreldre bringer og hentar sine born med bil. Det har gjennom året vore fleire møte med skule, FAU og innbyggjarar, for i lag å finne løysingar og oppgradering av stiar. Naustdal Ap gruppa har vore positiv til etablering av nye opplyste stiar frå nytt bustadfelt aust for Nausta, desse vil ha oppstart i 2020. Dette vil og vere eit viktig

element i folkehelse-samanheng. AP- gruppa medverka og til at Gamlebrua vert stengt for bilkøyring etter renoveringa– dette for å sikre ein trafikksikker skuleveg og mjuke trafikantar.

for kommunestyregruppa  
Annlaug Birkeland  
Naustdal 21.01.2020

## Sak 5 Rekneskap 2019

### INNTEKTER

Tilskot	128590	
Kontingent	31206	
Loddsal årsmøtet	3035	
Renter	305	
Valkampstøtte LO	20000	
Vilje til vekst	26814	
<b><i>Samla inntekter</i></b>	<b><i>209950</i></b>	209950

(

### UTGIFTER

Valkamp	103971	
Møteutgifter	8515	
Gebyr	127	
Annonse/ SMS	4947	
Gåver/AUF	11314	
Fylkesårsmøte	<u>37741</u>	
<b><i>Samla utgifter</i></b>	<b><i>166615</i></b>	-166615
		43335

(

### Balanse

Drift	37050117317	202432
Spare	37601557631	10945
Boka	37053848266	26952
Kortsiktige krav	<u>31206</u>	
<b><i>Eigedeler</i></b>	<b><i>271535</i></b>	

### Eigenkapital

Akk. EK	228200
Resultat	<u>43335</u>
	<b>271535</b>

---

## Sak 6

### Budsjett 2020

Kolonne1	Kolonne2	Kolonne3	Kolonne4
Inntekter	Budsjett 2019	Rekneskap 2019	Budsjett 2020
Offentlege tilskot	80000,00	128590,00	71000,00
Tilbakeført kontingent DNA	35000,00	0,00	31000,00
Diverse inntekter	1000,00	23435,00	3000,00
Finansinntekter	500,00	167,00	200,00
Kortsiktig krav (kontingent DNA)		31206,00	0,00
Sum inntekter	116500,00	209950,00	105200,00
Møtekostnader	25000,00	8245,00	10000,00
Årsmøte	20000,00	37741,00	15000,00
Annonsekostnader/sms	5000,00	4947,00	3000,00
Gåver / Blomster	2000,00	11314,00	10000,00
Reise/møte	20000,00	10879,00	10000,00
Div. kostnader	10000,00	13661,00	5000,00
1. mai arrangement	3000,00	0,00	5000,00
Valgkamp/Verving	45000,00	80000,00	10000,00
Gebyr banktenester	200,00	127,00	200,00
Sogeskriv Naustdal	15000,00	0,00	0,00
Sum kostnader	145200,00	166615,00	68200,00
Resultat	-28700,00	43335,00	39200,00

## Sak 7

Innleiing til debatt v/Marte Mjøs Pedersen



## Sak 8 Årshjul Sunnfjord AP

Dette blir arbeidsplanen for Sunnfjord Ap for 2020

### Årshjul Sunnfjord AP 2020

Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
1	1	1 S	1	1 Arrangement Førde/Skei.	1 2. Pinsedag
2	2 S	2	2	2	2
3	3 Frist innspel til valnemnda V. AP	3	3	3 S	3
4	4 Årsmøte S.AP Møte i råda	4	4	4	4
5 S	5	5	5 Palmesundag	5	5
6	6 Møtedag i k.	6	6	6	6
7	7	7	7	7	7 S
8	8	8 Arrangement	6	8	8
9	9 S	9	9 Skjærtorsdag	9	9 Møte i råda
10	10	10 Styremøte	10 Langfredag	10 S	10
11	11 Styremøte	11	11	11	11 Møted. k.
12 S	12	12	12 1.Påskedag	12 Møte i råda	12
13	13 k.styre	13	13 2. Påskedag	13	13
14 Styremøte	14	14 Årsmøte V.AP – kl.13	14	14 Møted. i k.	14 S
15	15 Frist forslag til årsmøte V. AP. Frist namn uts. og vara	15 S Årsmøte V.AP	15	15	15
16 k.styre	16 S	16	16	16	16 Styremøte
17	17 Vinterferie	17 Møte i råda	17	17 S Grunnlovsdag	17
18	18 Vinterferie	18	18	18	18 k.styre
19 S	19 Vinterferie	19 Møtedag i k.	19 S	19	19
20	20 Vinterferie	20	20	20	20
21	21 Vinterferie	21	21 Møte i råda	21 Kr. Himmelfart	21 S
22	22 Vinterferie	22 S	22	22	22
23	23 S	23	23 Møted.i k.	23	23

24	24	24	24	24 S	24
25	25 Medl,m.vindkraft	25	25	25	25
26 S	26	26 k.styre	26 S	26 Styremøte	26
27	27	27	27	27	27
28 Styremøte	28	28	28 Styremøte	28 k.styre	28 S
29	28	29 S	29	29	29
30	29	30	30 k.styre	30	30
31		31		31 1. Pinsedag	
		Dialog med Fylkestingsgruppa.		Pol. Verkstad: Historikk og ideologi i løpet av månaden	

Anna: Politisk verkstad

Invitere konfliktrådet til styremøte

Juli	August	September	Oktober	November	Desember
1	1	1	1	1 S	1 Møte i råda
2	2 S	2	2	2	2
3	3	3	3	3	3 Møted. i k.
4	4	4	4 S	4	4
5	5	5	5 Haustferie	5	5
6	6	6 S	6 Haustferie	6	6 S
7	7	7	7 Haustferie	7	7
8	8	8	6 Haustferie	8 S	8
9	9 S	9	9 Haustferie	9	9
10	10	10	10 Haustferie	10 Møte i råda	10 k. styre
11	11	11	11 S	11	11
12	12	12	12	12 Møted. i k.	12
13	13	13 S	13 Bestille nåler og diplom til jubilantar	13	13 S
14	14	14	14	14	14
15	15	15 Møte i åda	15	15 S	15
16	16 S	16	16	16	16
17	17	17 Møted. i k.	17	17	17
18	18	18	18 S	18	18
19	19	19	19	19 k. styre	19
20	20	20 S	20 Møte i råda	20	20 S

21	21	21	21	21	21
22	22	22	22 Møtedag	22 S	22
23	23 S	23	23	23	23
24	24	24 K.styre	24	24	24
25	25	25	25 S	25	25 1. juledag
26	26	26	26	26	26 2. juledag
27	27	27 S	27	27	27 S
28	28	28	28	28	28
29	29	29	29 K. styre	29 S	29
30	30 S	30	30	30	30
31	31		31		31

## Sak 9 Innkome forslag

- Førdepakken

## Sak 10 Resolusjonar

### Fråsegn E39

Sunnfjord Arbeidarparti krev fortgang i opprusting av E39 forbi Førde.

Grunngjeving:

Halbrendslia, trafikk gjennom byggefelt i 40-sone, bratt veg og andre flaskehalsar er ikkje verdig standard for ein europaveg.

Det hastar å få på plass løvvingar for opprustinga av E39 forbi Førde.

### Fråsegn Rv5 Førde- Naustdal

Sunnfjord Arbeidarparti krev at det vert fortgang i skredsikring av Rv 5 mellom Naustdal og Førde.

Grunngjeving

Rv5 er ein av dei mest rasutsatte vegstrekningane på rute 5C. (Oslo Lærdal Florø - Oslo Lærdal Bergen)

Skredvika mellom Naustdal og Erdal har skredfaktor 5,3.

Dette medfører at vegen forbi Skredvika ligg på sjuande plass på Vestlandet. Tal viser og at steinnesfall og skredfrekvensen har auka dei seinare åra grunna klimaendring og nedbør.

Det hastar med å få rassikra strekninga Naustdal Erdal på Rv5

## **Fråsegn Fv 609 Hundsåna**

Sunnfjord Arbeidarparti krev at det vert fortgang i skredsikring av Fv 609 Hundsåna

Grunngjeving

Daglig passerer det om lag 500 pendlarar forbi Hundsåna på Fv 609 ved Kvammen i Askvoll Kommune.

Vegen forbi Hundsåna har skredfaktor 5, noko som gjer at vegen er blant dei 10 mest rasutsatte vegstrekningane på Vestlandet.

Tal viser og at steinnesfall og skredfrekvensen har auka dei seinare åra grunna klimaendring og nedbør.

## **Fråsegn frå landbruk**

Mange mjølkeprodusentar i Vestland vil selje mjølkekotar. Dette syner kor viktig det er å styrke 15 til 30 krys bruket for å oppretthalde eit landbruk i heile landet.

Midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket, IBU-midlane, er i dag for små til å dekke behovet for investering i landbruket.

Investeringsstøtta strekk ikkje til slik at dei som ynskjer investere må vente eit eller fleire år på klarsignal om støtte.

Vi treng investeringsstøtte både til dei større husdyrbruka og til dei mindre husdyrbruka (for eksempel 15 kyr) som treng fornying av driftsbygningane.

Sunnfjord Arbeidarparti krev at regjeringa stiller meir midlar til disposisjon for investeringar i landbruket.

## **Fråsegn Klima i endring krev auka innsats for rassikring**

Sunnfjord Arbeidarparti krev at det vert utarbeidd nasjonal skredsikringsplan, og løyvd nok midlar til å gjennomføre den.

Grunngjeving:

I rapport utarbeidd av Vestlandsforsking i samarbeid med Statens Vegvesen heiter det m. a: «meir og kraftigare nedbør aukar faren for flaum og fleire typar skred medan havnivå auke truar kystnær infrastruktur» (s. 10-11 i rapporten) Rapporten analyserer utvalde vegstrekningar, den syner auka risiko for flaum, erosjon og skred.

Dette gjeld og vegar som er viktige for innbyggjarar i Sunnfjord kommune: RV5 frå Førde til Florø, FV 609 Førde/ Askvoll ved Hundsåna, og FV 610 Eldalsosen/ Sande ved Matbjøra (tunnel). Behov for utbetring og trygging av desse vegstrekningane er godt kjend over lengre tid, men med altfor små midlar vil det ta urimeleg lang tid å få dei utbетra. Det handlar om liv og helse til innbyggjarane våre:

## **Fråsegn Forskning og utvinning av Thorium for energiføremål.**

*Norge har store mineralførekommstar av Thorium som det no må brukast midlar på til forsking, for så å kunne bruke det som ei grøn energikjelde*

Thorium er eit grunnstoff som Norge (Telemark) har svært store mineralførekommstar av (3. største i verda), og som kan brukast til forskjellige typar grøn energi. Dette kan t.d. erstatte Uran i kjernekraftverk og kan då løyse mykje av dagens miljøproblem og mangel på energi i verda. Mengda vi har av Thorium i Norge, kan vi lage nok energi i fleire hundre år framover av. Vi bør derfor satse på forskning og utvinning av dette materialet når verda no treng mykje meir klimavenleg energi.

## **Fråsegn Kortbanenettet Vestland**

Vestland AP må arbeide for å oppretthalde dagens tilbod og struktur på kortbanenettet i Vestland.

### **Grunngjeving;**

Ein av grunnpilarane for samferdsel i den nye regionen er kortbanenettet. Småflyplassane er avgjerande viktig for befolkning og næringslivet i regionen. Næringslivet er i utstrekkt grad avhengig av eit funksjonelt rute tilbod for å kunne oppretthalde sitt aktivitetsnivå. For ein stor del av innbyggjarane i Vestland er det lang reiseavstand til regionssenter og hovudstad. Kortbanenettet er dermed eit viktig transportalternativ og kollektivtilbod mellom lokalsamfunn og resten av landet. Særleg i denne delen av landet der tog ikkje er eit alternativ.

Vestland AP må arbeide for at dagens struktur oppretthalden og at det blir tilbydd eit formålstenleg rutetilbod.

## **Fråsegn Leve heile livet – for eldre i alle kommunar!**

«Stortingsmelding 15 (2017-2018) Leve hele livet En kvalitetsreform for eldre» må finansierast med friske øyremerka midlar.

### **Grunngjeving:**

Reforma synt til ovafor har fem satsingsområde: 1. Eit aldersvennleg Noreg 2. Aktivitet og fellesskap 3. Mat og måltid 4. Helsehjelp 5. Samanheng i tenestene. Det er ikkje løyvd friske midlar til dette, men kommunar kan søke prosjektmidlar. Tal eldre er aukande i befolkninga, og vi veit at helse og omsorg lett vert salderingspost når budsjett skal utarbeidast. For å få reforma til å vere ei varig satsing som fungerer for alle eldre, må reforma styrkast med friske midlar til alle kommunar.